

KOMMUNEPLAN 2021-2036

PLANPROGRAM

Vedtatt 6. mai 2021



ME LØFTER I LAG



INNHALD

4	Kort fortalt
6	Kva framtid ønsker me?
6	Kva er ein kommuneplan?
7	Korleis kan du delta i arbeidet?
8	Kva må me ta omsyn til?
8	Berekraftsmåla
8	Overordna føringar
10	Ny kommuneplan: Berekraftige Hå
11	Samfunnsdel med tydelege satsingsområde
12	Arealdel med klare strategiar
14	Kva tema vil me arbeida med?
16	Overordna tema i samfunnsdel
18	Overordna tema i arealdel
22	Særskilte tema
24	Korleis skal arbeidet føregå?
24	Opplegg for medverknad
25	Planlagd framdrift
26	Krav til kommuneplanarbeidet
26	Overordna føringar

Les på skjerm?

Skjermtilpassa utgåve av planprogrammet finn du på:
www.ha.no/kommuneplan






3

GOD
HELSE



BEREKNINGEN AV SAMFUNN
BEREKNINGEN AV SAMFUNN



KORT FORTALT

For at Hå skal vera ein god og berekraftig kommune å bu, leva og arbeida i, er det mange ting som må på plass:

- gode og forsvarlege helsetenester
- god utdanning og livslang læring
- infrastruktur som bidreg til å sikra ei berekraftig utvikling
- sikre bustadar, møteplassar, transport og grønne område

For å oppnå dette må me:

- forebygga og redusera konsekvensane av klimaendringane,
- samarbeida på tvers for å sikra berekraftig utvikling av Hå-samfunnet.

Kva er ein kommuneplan?

Kommuneplanen er kommunen sitt øvste styringsdokument, og består av ein **samfunnsdel** og ein **arealdel**. Samfunnsdelen peikar ut langsiktige mål med strategiar for samfunnet si ønska utvikling. Arealdelen består av eit plankart med føresegner, og viser til dømes kvar me skal ha bustadområde, næringsområde, vegar, skular, barnehagar og andre tenester.

Kva er eit planprogram?

Eit planprogram er ei oppskrift for planarbeidet. Det inneheld forslag til korleis me vil laga den nye kommuneplanen og korleis innbyggjarar og andre interessentar kan delta i arbeidet.

Når skal planen vera ferdig?

Ny kommuneplan er planlagd å vera endeleg vedteken i 2023.

Innspel kan sendast på e-post til kommuneplan@ha.kommune.no


eller som vanleg post til

Hå kommune, Rådhusgata 8, 4360 VARHAUG.

Merk innspelet med "kommuneplan".

Me føreslår å leggja vekt på desse temaa i planarbeidet:

SAMFUNNSDELEN




Overordna målstruktur



Berekraftsmåla som satsingsområde


AREALDELEN



Langsiktig arealstrategi



Føresegner



Arealbehov



Stadsutforming



Transport og mobilitet



Næring

Hovudsakleg er det desse temaa som vil verta drøfta i planprosessen, men òg andre særskilte tema vil verta utgreidde og tekne stilling til. Sju utvalde berekraftsmål skal vera førande for Hå kommune.

KVA FRAMTID ØNSKER ME?


KVA ER EIN KOMMUNEPLAN?

Kommuneplanen er kommunen sitt øvste styringsdokument og styrer planlegginga innanfor alle tenestoområda i kommunen; helse- og sossialsaker, tekniske saker og næring, opplæring og kultur, økonomi, eigedom og personal og organisasjon. Planen skal peika ut den langsiktige utviklinga i Hå og har noko å seia for alle som bur og jobbar i kommunen. Dette planprogrammet inneheld forslag til korleis me vil laga den nye kommuneplanen. Kva me vil oppnå, kva tema me skal sjå på, kva utgreiingar me har behov for og korleis innbyggjarane og andre interessentar skal kunna delta i prosessen.

Kommuneplanen handlar både om korleis samfunnet skal styrast og korleis areala skal nyttast og forvaltast. Difor er kommuneplanen delt inn i to delar:

- **Samfunnsdelen** inneheld visjon, langsiktige mål og strategiar for kommunen som samfunn og organisasjon.
- **Arealdelen** viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk og består av eit kart som viser hovudtrekka for bruk av areala innanfor kommunen. Med kartet følger føresegner og retningslinjer.

Kommunestyret bestemte i samband med vedtaket av [planstrategien for 2020-2023](#) at både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen skal reviderast.



KORLEIS KAN DU DELTA I ARBEIDET?

Gjennom arbeidet med kommuneplanen for perioden 2020-2036 kan du vera med på å forma framtida til Hå-samfunnet.

Det er mogleg å koma med innspel til planarbeidet i samband med varsel om oppstart og høyringa av planprogrammet. Her kan du koma med forslag til tema og arealbruk som bør vurderast i kommuneplanarbeidet.

Undervegs i arbeidet med sjølve kommuneplanen vil det òg verta gjennomført ulike opplegg for medverknad med moglegheiter til å delta. Les meir om medverknad i kapittelet «Korleis skal arbeidet føregå?».

Innspel kan sendast på e-post til kommuneplan@ha.kommune.no eller som vanleg post til

Hå kommune, Rådhusgata 8, 4360 VARHAUG.

Merk innspelet med "Kommuneplan".

KVA MÅ ME TA OMSYN TIL?

I tillegg til lokale forhold legg både statlege og regionale myndigheiter føringar for kommunen si planlegging.

BEREKRAFTSMÅLA

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremja sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan, mellom anna for å sikra sosial rettferd og god helse og stansa tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal visa veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt. Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane òg i Noreg.


OVERORDNA FØRINGAR

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vert utarbeidd kvart fjerde år. Desse forventingane skal leggest til grunn i kommunen sitt arbeid med ny kommuneplan.

Regjeringa legg vekt på at me står overfor fire store utfordringar:

1. å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
2. å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
3. å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
4. å skapa eit trygt samfunn for alle

Dei nasjonale forventingane skal sikra at kommunane tek omsyn til utfordringane i samfunnsutviklinga. Overordna føringar er lista opp i kap. «Krav til kommuneplanarbeidet».





FNs BEREKRAFTSMÅL



NY KOMMUNEPLAN: BEREKRAFTIGE HÅ

Kommunestyret bestemte ved behandlinga av [planstrategien for 2020-2023](#) at FNs berekraftsmål skal utgjera det overordna rammeverket for utvikling av Hå-samfunnet. I planstrategien for 2020-2023 vart det vedteke seks berekraftsmål som skal danna utgangspunkt for nye satsingsområde for kommunen. For å understreka Hå si rolle som ein betydeleg matproduserande kommune føreslår kommunedirektøren å supplera med eit sjuande satsingsområde; Utrydde svolt.

DEI UTVALDE BEREKRAFTSMÅLA



«Utrydda svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremja berekraftig landbruk»



«Sikra god helse og fremja livskvalitet for alle, uansett alder»



«Sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremja moglegheiter for livslang læring for alle»



«Byggja solid infrastruktur og fremja inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon»



«Gjera byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige»



«Handla omgåande for å motarbeida klimaendringane og konsekvensane av dei»



«Styrkja verkemidla som trengst for å gjennomføra arbeidet, og fornya globale partnerskap for berekraftig utvikling»

SAMFUNNSDEL MED TYDELEGE SATSINGSOMRÅDE

Den framtidige samfunnsutviklinga skal skje i tråd med berekraftsmåla. Me må derfor sjå på korleis strukturen for langsiktige verdiar og mål og satsingsområde skal vera. Det er behov for god samanheng mellom kommunen sine langsiktige mål og visjonar og satsingsområda.

Visjon, verdiar og langsiktige mål


Hå er ein av Noregs største landbrukskommunar. Milevis med steingardar vitnar om omfattande rydding av den steinfulle morenejorda, hovudsakleg gjort med hjelp av steinbukken. Dette la grunnlaget for det moderne jordbruket og busetjinga i Hå. Steinbukken kan ikkje opererast aleine. Å sveiva saman, ein på kvar side - slik kan tunge løft gjerast i lag. Steinbukken er òg fortellinga om framtida, om handlekraft, nytenking og samarbeid. Visjonen til Hå kommune, «Me løfter i lag», er basert på symbolet i kommunevåpenet - steinbukken.

Verdiane til Hå kommune, Open, Driftig og Stolt, er meint å styra korleis kommunen driv både politisk og administrativt. Kommunen sitt langsiktige hovudmål er å leggja til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det vert teke omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

Den vedtekne visjonen, hovudmåla og arealstrategiane er langsiktige. I arbeidet med den nye kommuneplanen skal det takast stilling til om desse skal vidareførast eller endrast.

Berekraftsmåla som satsingsområde

FN viser til tre dimensjonar i berekraftig utvikling. For å skapa berekraftig utvikling må me jobba på tre område: «Økonomi», «Sosiale forhold» og «Klima og miljø». Det er samanhengen mellom desse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig. Hå kommune sine seks utvalde berekraftsmål utgjer dei nye satsingsområda. På bakgrunn av desse skal det



lagast hovudmål som går på tvers av tenesteområda. Underordna delmål og strategiar skal vidare gje tydeleg retning for oppfølging i vidare planar. Gjennom samarbeid på tvers av sektorane skal me oppnå den utviklinga me ønsker. Kommunen sine evner til å løysa oppgåver i samspel med lokalsamfunnet, nabokommunar og myndigheiter er ein viktig del av ei berekraftig utvikling for Hå-samfunnet.

Økonomisk berekraft

Befolkningsvekst bidreg til utvikling, fornying og mangfald. Nye innbyggjarar betyr auka inntekter, men òg auka utgifter. Hå kommune har dei siste åra gjort betydelege investeringar. Det har vore omfattande utbygging innanfor skule, barnehage og helse. Det er òg investert i Stokkalandsmarka, Tjemslandsmarka og Krusemarka. I tillegg er det blitt investert betydeleg i vegprosjekt, vatn og avløp, og flaumsikring.

Sosial berekraft

Den sosiale delen av berekraftig utvikling handlar om å sikra at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv. Hovudmålet for Hå kommune er at «Det skal være godt å bu, leve og arbeide i Hå». Eit velfungerande, trygt og berekraftig samfunn sikrast gjennom gode og helsefremjande bumiljø, nærdemokratiske løysingar og berekraftige og heilskaplege tenester.

Utviklinga av Hå-samfunnet skal leggja til rette for tilhøyrsløse og gode møteplassar for innbyggjarar, frivillige og næringsliv. Alle innbyggjarar skal ha gode bustad- og leveområde, tilrettelagt for samvær og livsutfolding på tvers av alder, økonomi og kultur, slik at helsefremjande forhold som tryggleik, livsmeistring og fysisk aktivitet utviklast. Det blir lagt vekt på sambruk av kommunale bygg og anlegg.

Evne til fornying – forenkla, fornya og forbetra

Hå kommune må jobba på ein annan måte for å ha moglegheiter til å oppfylle krav om lovpålagte tenester i dag og tida framover for innbyggjarane. I Hå kommune har me valt å samla alt arbeidet me gjer med forenkling, fornying og forbetring i «Framtidsløftet».

Frivillig arbeid og organisasjonsliv

Frivilligheit blir ein stadig viktigare del av det kommunale tenestetilbodet, spesielt innanfor aktivering av eldre og funksjonshemma. Med fleire eldre som bur i eigen heim vil behovet for å motverka einsemd og meir aktivitet auka. Her får frivillig innsats ei viktig rolle.

Tidleg innsats og inkludering

Barnehagane, skulane, kulturarenaer, lag og foreningar er viktige for å sikra eit tilbod som inkluderer alle innbyggjarane i lokalsamfunnet. Innovasjonsprosjektet «Alle med i Hå» og systematisk arbeid i skulane mot mobbing er viktige bidrag.

Folkehelse

Målet med folkehelsearbeidet er å redusera sosial ulikskap i helse, og sikra gode levekår. Folkehelsearbeid er å skapa gode oppvekstvilkår for barn og unge, leggja til rette for sunne levevanar, fremja fellesskap, tryggleik, inkludering og deltaking for alle.

Miljømessig berekraft

Dei miljømessige hovudutfordringa i Hå er knytt til jordbruk, mobilitet, bustadbygging og befolkningsvekst. Kommunen har ansvar for at samfunnet tilpassar seg klimaendringar. Klimatilpassing er samanvevd med fleire av kommunen sine ansvarsområde.

AREALDEL MED KLARE STRATEGIAR

Arealdelen omhandlar føresetnadar og arealbehov, areal- og utbyggingsstrategiar, føresegner og retningslinjer.

Gjeldande kommuneplan vart utarbeidd for ein periode med historisk høg vekst. Gjennomsnittleg årleg folkevekst var i perioden 2014-2019 på om lag 0,8 prosent, noko som er vesentleg lågare enn dei 2,1 prosent som vart lagt til grunn i planen. På bakgrunn av denne utviklinga har kommuneplanutvalet vedteke nytt bustadprogram og valt å nytta SSB sitt hovudalternativ som føresetnad for det komande planarbeidet. (Jf. [KPU sak 009/20](#))

Det nye bustadprogrammet har som mål at me skal leggja til rette for vekst i alle stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samstundes som me tek omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

Aktuelle oppgåver og tema for utgreiing inneber å:

- Utarbeida arealstrategiar som ein del av arealdelen i kommuneplanen.
- Utarbeida fortettingsstrategi som grunnlag for arealstrategiar i kommuneplanen.
- Fastsetta jordvern mål i kommuneplanen.
- Vurdera om det skal trekkast langsiktig grense for utvikling av Kviamarka.
- Vurdera om det skal settast mål for fortetting og transformasjon.





KVA TEMA VIL ME ARBEIDA MED?

Planprogrammet er ei oppskrift for arbeidet med kommuneplanen. Her er ein meir detaljert gjennomgang av utgreiingsoppdrag basert på nye målsettingar og arealbehov til ny kommuneplan. Vurdering av dei føreslegne temaa skal gjera framtidige arealbruksendringar føreseielege.

Me føreslår at følgande tema skal verta vurderte:

Samfunnsdel:

- Overordna målstruktur
- Berekraftsmåla som satsingsområde

Arealdel:

- Hovudgrepa i langsiktig arealstrategi
- Føresegner
- Arealbehov
- Stadsutforming
- Transport og mobilitet
- Næring

I tillegg ønsker me òg å sjå på meir konkrete problemstillingar:


- Fritidsbusetnadar, fritids- og turistformål
- Energianlegg
- Råstoffutvinning
- Landbruk
- Kulturvern
- Kulturhistoriske landskap (KULA)
- Bandlegging-, omsyns- og støysoner
- Private forslag



OVERORDNA TEMA I SAMFUNNSDEL

Overordna målstruktur

Dei føreslåtte berekraftmåla definerer satsingsområda for ny kommuneplan. Me må greia ut korleis dei tverrsektorielle satsingsområda skal nyttast i samarbeid på tvers av sektorane for at det framleis skal vera godt å bu, leva og arbeida i Hå.



Berekraftsmåla som satsingsområde

Utrydde svolt

Som ein av dei største landbrukskommunane i landet, har Hå kommune eit særskilt ansvar for matsikkerheita i Noreg. Jordbruk, fiskeri- og havbruk må tilpassa seg eit klima i endring og samstundes ta sin del av ansvaret for å redusera klimagassutslepp. Betre ressursutnytting i heile verdikjeda er eit viktig berekraftstiltak. Me vil vurdera korleis kommunen kan stimulera og leggja til rette for berekraftig matproduksjon.



God helse

Kommunane har ansvar for å levera gode og forsvarlege helsetenester til alle som treng det, uavhengig av alder og helsesituasjon. Kommunen har gjennom planlegging, barnehagar, skular, stadsutforming, kultur- og fritidstilbod moglegheita til å bidra til god helse for innbyggjarane, og utjamna skilnadar i helsetilstand som kan forklarast med sosial og økonomisk ulikskap. Me vil vurdera kva verkemiddel kommunen skal nytta for å leggja til rette for god folkehelse og helsetenester.



Utdanning

Alle barn og unge skal ha eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø som fremjar trivsel og læring. Utdanningsarenaer som barnehagar, grunnskular, vidaregåande skular og universitet/høgskular, er nokre av dei viktigaste faktorane som bidreg til utjamning av sosiale skilnadar i befolkninga. Samstundes er læring ikkje avgrensa til barn og unge. Livslang læring hevar livskvaliteten og byggar kapasitet i samfunnet. Me vil vurdera kva verkemiddel kommunen skal nytta for å sikra livslang læring til beste for innbyggjarane.



Innovasjon og infrastruktur

Kommunen har ansvar for å leggja til rette for innovative næringer og sikra infrastruktur lokalt som bidreg til å sikra ei berekraftig utvikling. Det er eit stadig aukande behov for tilgang og tilrettelegging av informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Hå kommune ønsker å vera attraktiv for bedriftar og innbyggjarar. Me vil vurdera korleis kommunen kan stimulera og leggja til rette for innovasjon og sikra infrastruktur tilpassa framtidig utvikling.



Berekraftige tettstadar og samfunn

By- og tettstadsutvikling må retta seg mot både miljø-, sosial- og økonomidimensjonane i berekrafta. Den miljømessige dimensjonen dreiar seg om å sikra omsynet til miljøet, satsa på innovasjon og ny teknologi. Den økonomiske dimensjonen dreiar seg om å skapa økonomisk livsgrunnlag i eit langsiktig perspektiv. Den sosiale dimensjonen dreiar seg om å fortsetja innsatsen for å skapa sosial balanse i lokalsamfunna. Me vil vurdera kva tiltak og handlingsrom kommunen har for å kunna sikra berekraftig utvikling av tettstadar og samfunn.



Stoppe klimaendringane

Kommunen har eit ansvar for å sikra at kommunen sine areal og innbyggjarar er best mogleg rusta for å redusera klimagassutslepp og konsekvensane av klimaendringane. Kvar enkelt innbyggjar og forbrukar må vera villig til å endra vanar, men kommunen kan fungera som tilretteleggar. Me vil vurdera kva verkemiddel kommunen skal nytta for å redusera klimagassutslepp og kva som må gjerast for å rusta samfunnet mot klimaendringar.



Samarbeid for å nå måla


For å skapa eit velfungerande og inkluderande samfunn er det viktig at kommunen har eit godt samarbeid innåt i organisasjonen, med næringsaktørar, overordna myndigheiter og innbyggjarar. Me vil vurdera kva samarbeid og modellar for samarbeid som er hensiktsmessige for å realisera kommunen sine forpliktingar overfor innbyggjarar og overordna myndigheiter.



OVERORDNA TEMA I AREALDEL

Hovudgrepa i langsiktig arealstrategi

Arbeidet med arealdelen skal i størst mogleg grad avgrensast til å vidareutvikla den langsiktige arealstrategien i kommuneplanen. Hovudgrepa i arealstrategien rettar seg mot langsiktig grense mellom tettstadutvikling og kringliggande landbruksområde, at bustadsbygging skal skje gjennom fortetting, transformasjon og høg arealutnytting innanfor tettstadgrensene, tilrettelegging av nye utbyggingsareal i Stokkalandsmarka, vektlegging av gode bumiljø i arealplanlegging og i enkeltsaker, og at det ikkje skal tillatast bustadbygging i landbruksområda utanfor tettstadane.




Føresegner

Kommuneplanen inneheld eit omfattande regelverk (føresegner og retningslinjer) om blant anna fortetting, leike- og opphaldsareal, parkering, bygging i LNFR-område og flaum- og overvasshandtering. Føresetnadane for dette regelverket kan ha vorte endra, samstundes som det i fleire samanhengar har vorte stilt spørsmål ved forståing og tolking. Føresegner og retningslinjer bør difor evaluerast og eventuelt oppdaterast. Dette omfattar presisering og endring av føresegnene for å gjera dei meir forståelege, men òg for å betra kommuneplanen som styringsreiskap i tråd med satsingsområda og berekraftsmåla.



Arealbehov

Behovsvurderingar er ein føresetnad for å sikra kvalitet og gjera tettstadsutviklinga føreseieleg. Det skal blant anna kartleggast i kva grad det er behov for nye offentlege areal, nye bustad-, nærings- og grøntareal og areal til fritidsbygningar i ny kommuneplan. Arbeidet vert gjennomført gjennom kartlegging av arealsituasjonen for ulike formål i dag og analysar av framtidig arealbehov.



Stadsutforming

Sentrumsplanar

Kommuneplankartet skal oppdaterast i tråd med hovudtrekka i kommunedelplanar og områdereguleringsplanar for sentrumsområde som nyleg er eller vert vedtekne i løpet av planutarbeidinga. Parallelt med utarbeiding av ny kommuneplan vil arbeidet med ny kommunedelplan for Vigrestad sentrum startast opp.



Fortetting og transformasjon

Før ny kommuneplan vert lagt fram skal det greiast ut korleis mål om auka fortetting og transformasjon kan realiserast i tettstadane. Som del av dette arbeidet skal det kartleggast og vurderast kvar det er potensiale for attraktiv transformasjon og fortetting, og kvar ny vekst bør prioriterast. I samband med dette skal det òg vurderast om det er villaområde i tettstadane som bør bevarast. Dette for å ta vare på kvalitetane til områda og oppretthalda tilbod om varierte bustadar, jf. innspel frå [UTN 1. november 2018](#).

Stads- og bukvalitetar

God utforming av bustadområde og menneskevenleg planlegging kan fremja god helse og livskvalitet, og bidra til inkluderande, trygge og berekraftige tettstadar. I planarbeidet skal det utarbeidast krav til kvalitetar for uterom og bygningar som støttar opp om satsingsområda i kommuneplanen. Kvalitetskrava skal fokusera på kvardagsopplevingar. Det skal arbeidast for å skapa attraktive møteplassar, sosial samhandling og god arkitektur.

Utnyttingsgrad

Ein del eldre planar i kommunen manglar utnyttingsgrad. For å forvalta desse områda føreslår me at kommuneplanen supplerer desse planane med føresegnar om utnyttingsgrad. Føresegnene vil verta generelle for alle desse områda.



Transport og mobilitet

Omkjøringsveg Vigrestad

Det er viktig å få avklart om me skal vidareføra omkjøringsvegen aust for Vigrestad heilt fram til Haugstadvegen. Ei eventuell vidareføring treng ei grundig fagleg vurdering før ein eventuell trasé kan innarbeidast i kommuneplanen. Ein ny vegtrasé vil delvis bryta med langsiktig grense mellom utbyggingsareal og landbruksområde.



Parkering

Det skal vurderast om det er behov for differensierte parkeringskrav for sykkel og bil. Problemstillinga vart reist i samband med Kommunedelplan for Varhaug sentrum. Då krav til parkering er ei problemstilling som òg gjeld resten av kommunen, er det meir hensiktsmessig å gjera dette på kommuneplannivå.

Gang-, sykkel- og turnett i og rundt tettstadar

I tettstadene vert både sentrumsutvikling, lokalisering av besøks-/ arbeidsplassintensive funksjonar og verksemder, bustadbygging og infrastruktur for gåande og syklande, utvikling og utbygging prioritert «innanfrå og ut». Det må vurderast om framkomet for gåande og syklande skal takast i vare gjennom definerte gang- og sykkelnettverk internt i tettstadane, og ut mot viktige målpunkt og nærturområde. Me vil òg vurderer om turstiar jf. Plan for turnett i Hå kommune skal leggest inn i kommuneplankartet.



Næring

Hå har som mål å vera ein attraktiv kommune å etablera seg i. Me vil spara matjord, skapa arbeidsplassar og i tillegg leggja til rette for kunnskapsdeling og samarbeid mellom bedrifter for å skapa nye og berekraftige løysingar. Det må gjerast ei vurdering av arealbehov og kva typar areal det skal leggjast til rette for i framtida. Dette inneber blant anna å vurdere utviding av næringsområdet i Stokkalandsmarka og Skoga, og vurdere moglegheitene for fortetting i eksisterande nærings- og industriområde.

Kviamarka

Det er behov for å utvida arealet til næringsmiddelindustri og veksthus i Kviamarka. Kommunedirektøren føreslår å starta arbeidet med å utarbeida ein områdereguleringsplan for Kviamarka parallelt med revisjonen av kommuneplanen. Hovudtrekka frå planen vil verta lagt inn i arealdelen til kommuneplanen. I forbindelse med utarbeiding av ny kommuneplan vil det bli vurdert om det skal trekkast ei langsiktig grense for utviding av Kviamarka.

Grødaland

Det er behov for å utgreia plassering av nytt biogassanlegg i tilknytning til eksisterande næringsområde på Grødaland. Kommunedirektøren føreslår å starta arbeidet med å utarbeida ein områdereguleringsplan for Grødaland parallelt med revisjonen av kommuneplanen. Hovudtrekka frå planen vil verta lagt inn i arealdelen til kommuneplanen.



SÆRSKILTE TEMA

Fritidsbusetnadar, fritids- og turistformål

Kommunen har fleire område som allereie er avsette til fritidsbusetnad og fritids- og turistformål. Det må gjerast ei vurdering av arealbehovet, og plassering av eventuelt nye areal til desse formåla. Me ønsker òg å sjå på moglegheitane for fortetting i eksisterande hytteområde.

Energianlegg

I førearbeidet til gjeldande kommuneplan vart det presisert at det er behov for eigne retningslinjer for behandling og godkjenning av vindkraftanlegg i kommunen. Utarbeiding av generelle retningslinjer for vindkraftanlegg bør utgreiast ved utforming av føresegner. Me ønsker òg å vurdere behovet for retningslinjer knytt til andre små eller store energianlegg.

Råstoffutvinning

Seks masseuttak og steinbrot i kommunen er i aktiv drift. Då det generelt er høgt konfliktnivå rundt etablering av område med slik aktivitet, er det vanskeleg å finna nye aktuelle område. Stor utbyggingsaktivitet i regionen gjer at kommunen ser det naudsynt å vurdere behovet for råstoffutvinning og deponiplassar.

Landbruk

Det er sett i gang arbeid med kommunedelplan for landbruk. I samband med dette ønsker me å avklara forholda mellom landbruksplanen og kommuneplanen.

Kulturvern

I samband med rulleringa av kulturminnevernplanen er det gjort ei nyregistrering av eit representativt utval bygningar frå 1900-talet, mellom anna særprega institusjonar, krigsminne, private bustadar samt kyrkjene og kyrkjegardar. Hovudformålet med kulturminnevernplanen er å ta vare på eit

representativt utval kulturminne og kulturmiljø. Det skal vurderast kva for kulturmiljø, bygningar og objekt som skal vernast og kartfestast i kommuneplanen.

Kulturhistoriske landskap (KULA)

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) er eit nasjonalt register over som Riksantikvaren har oppretta på bestilling frå Klima- og miljødepartementet. Registeret skal vera eit kunnskapsgrunnlag og forvaltningsverktøy. KULA i Rogaland er under arbeid. Dokumentet var ute på høyring sommaren 2020. KULA-registreringane skal vurderast innarbeidde i arealdelen i kommuneplanen. Det skal vurderast om det er behov for å leggja til føresegner, omsynssoner og liknande.

Bandleggings-, omsyns- og støysoner

Det kan vera behov for å oppdatera ulike omsynssoner i kommuneplankartet. I arbeidet med kommuneplanen vil det verta vurdert om nokre av desse treng å justerast i høve nye behov og retningslinjer.

Private forslag

I forkant av arbeidet med planprogrammet har det kome inn ulike forslag som det vil verta teke stilling til i arbeidet med kommuneplanen. Tema som vil verta vurderte i prosessen er:

- Hundepark
- Bustadar utanfor tettstadane
- Endra tilkome for framtidig bustadområde
- Utviding av næringsområde
- Fritidsbusetnadar

11

BÆREKRAFTIGE
BYER OG SAMFUNN



11 BÆREKRAFTIGE
BYER OG SAMFUNN



3

GOD
HELSE



13

STOPPE
KLIMAENDRINGENE



13 STOPPE
KLIMAENDRINGENE





KORLEIS SKAL ARBEIDET FØREGÅ?

OPPLEGG FOR MEDVERKNAD

Medverknad bidreg til å auka kvaliteten på, og gjev legitimitet til planar. I den politiske behandlinga skal det syna korleis innspel har vorte vurderte. Alle innspel og resultat frå medverknadstiltaka vert slik ein del av det samla kunnskapsgrunnlaget, men alle innspel vil naudsynlegvis ikkje verta ein del av planen.

Det vert lagt opp til ein allsidig prosess med brei politisk deltaking i arbeidet med kommuneplanen. I tillegg til dei formelle krava om medverknad i høve plan- og bygningslova, vil hensiktsmessige medverknadstiltak for ulike tema og grupper verta vurderte. Til dømes kan det vera aktuelt å nytta elektroniske medverknadsmetodar, gjestebod, verkstadar, folkemøter og opne kontordagar.

Kommunen har eit særskilt ansvar for å sikra at alle, inkludert marginaliserte grupper, vert involverte og har moglegheiter for å delta. Barn og unge, interesseorganisasjonar, frivillige organisasjonar og næringsliv er døme på grupper det vil vera aktuelt å invitera til eigne medverknadstiltak. Undervegs i arbeidet med planen vil dei relevante politiske utvala haldast orienterte og verta inviterte til aktiv deltaking.

Ein god planprosess føreset ei tverrfagleg tilnærming. Interne og eksterne fagmiljø vil verta inviterte til deltaking og orientering om planarbeidet ved behov. Før høyring vil planforslag verta lagt fram for drøfting i regionalt planforum.

PLANLAGD FRAMDRIFT

Planstrategi 2019-2023
Juni 2020

OPPSTART OG PLANPROGRAM

Oppstartsvarsel & planprogram (høyring)
Desember 2020 - Februar 2021

Planprogram (fastsetting)
Vinteren 2021

UTARBEIDA PLANFORSLAG

2021 - 2022

- Utgreiingar
- Avklaringar
- Medverknad
- Behandla arealinnspeil

POLITISK BEHANDLING

2022 - 2023

Førstegangsbehandling
Hausten 2022

Formell høyring
2023

Endeleg vedtak
2023

Verkstad
Gjestebod
Folkemøter

Medverknad!



KRAV TIL KOMMUNE- PLANARBEIDET

Kommuneplanarbeidet skal utarbeidast i tråd med Plan- og bygningslova (pbl) kap. 11. Utgreiingskrava kjem fram i pbl kap. 4. Nasjonale og regionale føringar som skal leggest til grunn for arbeidet er lista opp under.

OVERORDNA FØRINGAR

- [Nasjonale forventinger til regional og kommunal planlegging 2019-2023 \(Kongelig resolusjon 14. mai 2019\)](#)

Statlege planretningslinjer (SPR) og føresegner (SPB)

- [Statlige planretningslinjer for klima- og energi-planlegging og klimatilpassing \(2018\)](#)
- [Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging \(2014\)](#)
- [Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen \(2011\)](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen \(1995\)](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag \(1994\)](#)

Det er for tida ingen statlege føresegner (SPB).

Her finn du oppdaterte statlege [føresegner](#) og [planretningslinjer](#).

Regionale føringar

- [Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke](#)
- [Regionalplan for massehåndtering på Jæren 2018-2040](#)
- [Jordvernstrategi for matfylket Rogaland](#)

- [Regionalplan for folkehelse i Rogaland](#)
- [Regional plan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024](#)
- [Regional plan for inkluderende samfunn 2010-2014](#)
- [Regional kulturplan 2015- 2025](#)
- [Regionalplan sjøareal havbruk](#)
- [Regionalplan for næringsutvikling 2011-2020](#)
- [Regionalplan for landbruk](#)
- [Fylkesdelplan for universell utforming 2014 - 2017](#)
- [Regional plan for vannforvaltning 2016-2021](#)

Her finn du gjeldande regionale planar og strategiar.

Andre føringar

- [Folkehelseprofil for Hå kommune 2021](#)
- [Folkehelseoversikt for Hå kommune 2019-2023](#)
- Kommunenes planlegging og tiltak for en aldrende befolkning (NIBR-rapport 2017:16)
- Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn (Meld. St. 19 (2018-2019))
- Muligheter for alle – Fordeling og sosial bærekraft (Meld. St. 13 (2018-2019))
- Kulturens kraft – Kulturpolitikk for fremtida (Meld. St. 8 (2018- 2019))
- Oppgaver til nye regioner (Meld. St. 6 (2018-2019))
- Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre (Meld. St. 15 (2017-2018))
- Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid (Meld. St. 41 (2016- 2017))
- Nasjonal transportplan 2018-2029 (Meld. St. (2016-2017))
- Perspektivmeldinga 2017 (Meld. St. 2016-2017))
- Berekraftige byar og sterke distrikt (Meld. St. 18 (2016-2017))

- Risiko i et trygt samfunn – Samfunnssikkerhet (Meld. St. 10 (2016- 2017))
- Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk (Meld. St. 30 (2015-2016))
- Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver (Meld. St. 22 (2015-2016))
- Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet (Meld. St. 26 (2014-2015))
- Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner (Meld. St. 14 (2014-2015))
- Nytt inntektssystem for kommunene (Stortinget 2016)
- Mestre hele livet – Regjeringens strategi for god psykisk helse (2017 – 2022)
- Nasjonal jordvernstrategi (Prop. 1 S (2018-2019))
- Samhandlingsreformen – Rett behandling – på rett sted – til rett tid (St. meld. nr. 47 (2008-2009))
- Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (Kulturminnelova)
- Nye mål i kulturmiljøpolitikken - Engasjement, bærekraft og mangfold (Meld. St. 16 (2019-2020))



